



CONSULENTPARTNER AS
Eidemsbakken 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Buset, 71 25 85 41

Hustadvika kommune

Detaljregulering for Fræneide - Stølen masseuttak

Fråsegn til oppstart av planarbeid

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering for Fræneide – Stølen masseuttak i Hustadvika kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for steinbrot og masseuttak av 1 932 500 m³ masser på gnr56 bnr77 og 89. Arealet på om lag 140 dekar, er i kommuneplanen avsett til landbruks,- natur- og friluftsområde (LNF).

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Hustadvika kommune har nyleg varsla oppstart av arbeidet med ny kommuneplanen sin arealdel, som skal erstatte gjeldande kommuneplanar for tidlegare Eide og Fræna kommunar. Lokalisering av større masseuttak bør som hovudregel avklarast i overordna plan, der alternative lokaliseringar vert vurdert i høve andre miljø- og samfunnsinteresser.

Natur- og miljøvern

Friluftsliv

Planområdet ligg om lag 300 meter frå den nye Trollkirka parkeringsplass og aktivitetsområde. Konsekvensane av å etablere eit massetak for bruken av aktivitetsområdet og friluftssinteressene knytt til Trollkirka, må gjerast greie for.

Klimagassutslepp

Kartet Kilden (NIBIO) viser at det innafor det varsla planområdet er om lag 30 dekar grunn myr. Myrer er viktige levestader for ei rekkje artar, lagrar klimagassar og bidreg til å dempe flaum. Ut frå omsynet til å redusere klimagassutslepp, er det ynskjeleg å unngå å bygge ut på areal med store

karbonlager, jf. «Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing». Vi rår til at dette vert vurdert nærare som del av planarbeidet.

På Miljødirektoratet sin nettstad kan ein rekne klimagassutslepp for endra arealbruk: <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/beregne-effekt-av-ulike-klimatiltak/>. Ein må vere merksam på at denne modellen ikkje tek omsyn til djupna til myra.

Vilt

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» er det ei forventning frå Regjeringa at kommunane i arealplanlegginga: «(...) identifiserer og tar hensyn til viktig naturmangfold, friluftslivsområder, overordnet grønnstruktur, kulturhistoriske verdier, kulturmiljø og landskap i planleggingen». Arealplanlegging er eit viktig verkty for å vareta leveområda til artane og oppretthalde samanhengande grønne korridorar i område som er viktige for artar. Dette sikrar at viltartane har forflyttingsveggar mellom ulike areal som vert nytta i ulike delar av døgnet og året.

Planområdet omfattar heilårs leveområde for rådyr. Planen bør sikre at det under uttaksperioden fins eigna habitat for rådyra, som kan fungere som korridor i nord-sørleg retning langs lia i bakkant av masseuttaket. Kvannfjellskogen er registrert som leveområde for storfugl og orrfugl. Vi er ikkje kjent med at det er spelplassar for desse artane i nærområdet til planlagt masseuttak, men dette bør undersøkast nærare. Planen må i så fall ta omsyn til dette. Informasjon om spelplassar kan finnast hjå lokal viltmyndighet, det ornitologiske miljøet, grunneigarar eller andre lokalkjente.

Vassdrag

Masseuttaket vil ha avrenning til Moaelva. Moaelva med sidelaup er i Naturbase registrert som naturtypen *viktig bekke*drag av utforminga *viktig gytebekk* verdsett til svært viktig (A) verdi. Verdien er fastsett av di vassdraget er det viktigaste på Romsdalshalvøya med oppgang av anadrom laksefisk, og har førekomstar av ål, oppført som sårbar (VU) i *Norsk rødliste for arter 2015*.

Like nord for planområdet renn det ein sidebekk til Moaelva. Frå bekken går det ei grøft sørover inn mot planlagt masseuttak. Denne sidebekken er undersøkt som del av sjøaureprosjektet «Mange bekkar små» i Møre og Romsdal. Gjennom prosjektet, som er eit samarbeid mellom statsforvaltaren og fylkeskommunen, skal leveområda for sjøaure i vassdraga i fylket kartfestast, med mål om å betre tilhøva for sjøauren. Resultata frå kartlegginga vert fortløpande gjort tilgjengeleg i kart: <https://mrfylke.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=d4d7555ce6a444b99d8c914bea0b2991>.

I sidebekken ved planlagt masseuttak er det registrert fiskeungar og gyteområde nedstraums fv64. Det er vidare registrert potensielle gyteområde oppstraums fylkesvegen. Avrenning og nedslamming med finstoff vil kunne øydelegge dei gode gyteområda og oppvekstområda for fisk. Det bør difor vurderast andre løysingar for handtering av overvatn frå massetaket, enn å leie det via denne sidebekken. Sjølv ved etablering av sedimenteringsbasseng, vil det likevel kunne oppstå forureining av vassdrag med negative følgjer for fisken. Vi rår vidare til at ein leier overvatn frå områda i bakkant av masseuttaket utanom sjølve masseuttaket.

Naturmangfaldlova

Det følgjer av § 7 i naturmangfaldlova, at dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtalen og saksutgreiinga til kommunen korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Vi viser til rettleiaren «T-1554 B Naturmangfaldloven kapittel II Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk» frå Klima- og miljødepartementet.

Landbruk

Planområdet på om lag 140 dekar består i hovudsak av areal registrert som produktiv skog i NIBIO sitt gardskart på Internett. Om lag 50-60 mål av dette er registrert som dyrkbart areal. I tillegg inngår ein teig med fulldyrka jord på om lag 7-10 rundt tunet på gnr. 56 bnr. 77 i planområdet.

Statsforvaltaren antar at det er arealet registrert som dyrkbart (skog) som skal tilbakeførast til jordbruksareal, og at det ikkje er tale om omdisponering av teigen med fulldyrka jord. I så fall ber vi om at teigen med fulldyrka jord takast ut av planområdet, eventuelt regulerast til landbruk.

Vi ser positivt på nydyrking som ein del av arbeidet med tilbakeføring av området, og ber om at dette sikrast som eit krav i plana sine føresegner.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Det er viktig at ein i ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

Forureining og støy

Det må gjerast ei støyfagleg utgreiing som gir grunnlag for å setje nødvendige tiltak mot støy i plankart og føresegner.

Konklusjon

Vi viser til innspela over, og ber om at dei vert att omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Astrid Buset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandler

Landbruk: Gunvor Fossholt Ytterstad, tlf. 71 25 84 06

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune

HUSTADVIKA KOMMUNE -BYGG OG EIGEDOM

Statens vegvesen

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED
BERGMESTEREN FOR SVALBARD TRONDHEIM

Fylkeshuset

Tingplassen 1

Postboks 1010

Nordre Ål

Postboks 3021

Lade

6404 Molde

6440 ELNESVÅGEN

2605 LILLEHAMMER

7441 TRONDHEIM